



KVINNHERAD
K O M M U N E

Prosjektering og utbygging

Øystein Andreas Ynnesdal
Kaldanesvegen 58

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Lena Aakre Sjo	980 97 764	2020/2216-5		23.04.2021

Utbetring av mur kommunal veg - Kaldanesvegen 58

Mur langs kommunal veg i området er skada og må utbetrast. Kommunen vil i dette brevet vise til planlagt tiltak slik at grunneigar av gnr. 145 bnr. 274 får anledning til å uttala seg til planane.

Sole for ny mur vil følgje høgde på eksisterande mur. Det er planlagt å setja opp type L-mur, sjå vedlegg for orientering. Eksisterande mur vil bli fjerna i området mellom markeringar i vedlagt kartutsnitt, og ny mur blir etablert. Kommunal veg i området skal samtidig utbetrast. På topp mur vil det bli etablert ein føringskant (20-25 cm høgde) mot kommunal veg.

Tiltak som grunneigar i ettertid skal gjera på sin eigedom ved kommunal veg, vil krevja uttale i frå vegmynda. Det er viktig at ny L-mur ikkje vert skada eller undergrave ved seinare tiltak som grunneigar eventuelt skal gjera på sin eigedom i området mot kommunal veg. Dersom grunneigar har planar om å gjera tiltak på eigedommen på noverande tidspunkt, kan dette samkøyrast med kommunen sitt tiltak. I så tilfelle vil kommunen dekkja kostnaden med fjerning av eksisterande mur, etablering av ny L-mur i same høgde som eksisterande mur, samt vegutbetring i området. Utgraving utover dette må grunneigar sjølv ta kostnad med.

Kommunen har plan om å starta arbeidet med utbetring av mur og veg i mai 2021, og ber om tilbakemelding på om det er kommentarar til tiltaket innan 07.05.2021.

Med helsing

Lena Aakre Sjo
Byggjeleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Kvinnherad kommune v/Terje Natland

Rosendalsvegen 10